

NORSK SPRÅKRÅD

┌
Læringssenteret
Postboks 2924 Tøyen
0652 OSLO

└

REF.

VÅR REF.
200200063-1 ER

DATO
20.06.02

FORSØK ETTER OPPLÆRINGSLOVA § 1-4 – SIDEMÅLSOPPLÆRINGA

Vi viser til rundskriv F-001-02 av 4.1.02, der Utdannings- og forskningsdepartementet delegerer ansvaret for å vurdere søknader etter opplæringslova § 1-4 til statens utdanningskontor og Læringssenteret.

Rundskrivet går inn på at det kan opnast for forsøk med mellom anna sidemålsundervisninga i den vidaregåande skulen. Det går fram av rundskrivet at Læringssenteret er rette adressat for søknader om slike forsøk, og Norsk språkråd vil difor gjerne gje uttrykk for nokre synspunkt på slik forsøksverksemd i sidemålsopplæringa.

Behovet for forsøk – krav om sidemålskunnskap

Norsk språkråd meiner det er på høg tid å styrkja opplæringa i denne delen av norskfaget. Rådet har tidlegare peikt på at det manglar større forsøk i skulen som har styrking av sidemålsopplæringa som ein grunnleggjande premiss. Også i brev til Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet 13.9.00 har vi gjeve uttrykk for at vi helsar velkomne forslag om å setja i gang forsøk, og gjerne ynskjer oss ein pedagogisk debatt om metodar for å betra opplæringa i dei to målformene våre.

Etter vårt syn er ordninga med sidemålsopplæring truga av di utdanningssystemet ikkje tek alvorleg dei mangelfulle skriveferdigheitene som blir oppnådde ved denne undervisninga, og av di norske elevar har utvikla svært negative haldningar mot ordninga. I undersøkinga som vart gjennomført i samband med prosjektet om fellesspråklege lærebøker i samfunnslære, kom det fram at 71 % av bokmåls- og nynorskelevane er mot skriftleg opplæring i sidemål. Ein såkalla "språkholdningsindeks" viste at 82 % av bokmålselevane er negative til nynorsk i det heile. Dersom undervisninga korkje fører til betre språkferdigheiter hjå barn og unge og heller ikkje til større skriftspråkleg toleranse, blir spørsmålet for mange om denne ordninga er liv laga.

Jamstillinga mellom bokmål og nynorsk er ein grunnleggjande premiss i norsk språkpolitikk, og St.meld. nr. 9 (2001–2002) følgjer opp dette ved å sitera Sem-erklæringa: "Sam arbeidsregjeringa vil verna og halda i hevd dei to norske skriftspråka våre og halda fast ved norsk skriftkultur som ein berebjelke i kulturlivet vårt." Hittil har det då òg vore eit vilkår for generell studiekompetanse at studentane har fått skriftleg opplæring i begge målformer. I ei rad stillingar i skuleverket, i statsadministrasjonen og i ein del andre administrative

stillingar er yrkesutøvarar pålagde å meistra begge målformer skriftleg. Norsk språkråd har i årevis registrert mangelfull nynorskkompetanse i samfunnet. Statsinstitusjonane har vanskeleg for å etterleva mållova, og mange av dei grunnjev dette med at nynorskkompetansen hjå dei tilsette er for dårleg. Oslo er i ei spesiell stode i så måte, sidan hovudstaden har så stor del av dei statlege stillingane. Det er difor all grunn til og på høg tid å syta for ei betre sidemålsopplæring, især i nynorsk sidemål.

Tidlegare forsøk

Vi vil her nemna to større forsøk med sidemålet i vidaregåande opplæring. Prosjektet "Fellespråklege lærebøker i samfunnslære" vart gjennomført i 1995–97 etter oppdrag frå Nasjonalt læremiddelsenter. Prosjektet evaluerte eit forsøk med lærebøker i faget samfunnslære i VK1, der halvparten av lærestoffet var på bokmål og halvparten på nynorsk. Undersøkinga gav ingen belegg for at leseforståinga og læringsutbyttet hjå fleirtalet av informantane vart mindre når dei las sidemålet, men ho stadfesta at svært mange elevar, især dei med bokmål som hovudmål, hadde negative haldningar til ordninga med språkløyvde lærebøker.

Fagerborg vidaregåande skule og Laksevåg gymnas praktiserte frå skuleåret 1993–94 ei forsøksordning med konsentrasjonslesing av norsk sidemål i VK2 på allmennfagleg studieretning. Elevane gjekk opp til eksamen i norsk sidemål i desember i VK2. Denne ordninga slo positivt ut når det galdt dei spesifikke sidemålsferdigheitene, og dei svake og middels flinke elevane viste størst framgang. Lærarane hadde likevel ikkje inntrykk av at den generelle tekstkompetansen vart betra hjå elevane, eller at ordninga påverka dei generelle språkhaldningane deira.

Moment ved sidemålsundervisninga

Læreplanane for norskfaget legg opp til at skriveopplæringa skal byggja opp skrivekompetanse i begge målformer, ein kompetanse som inneber å bruka begge målformene, i ulike samanhengar, i ulike sjangrar og retta mot ulike mottakarar. Røynsler frå klasserommet, slik t.d. Bente Kolberg Jansson og Knut Åge Teigen fortel om det i Språknytt nr. 1–2 / 2001, viser då òg norsklærarar som prøver å gjera det planane legg opp til. Dei peiker på den store føremonen det er at lærarane systematisk vekslar mellom bokmål og nynorsk i undervisninga si, i tavlespråket, skriftlege kommentarar, undervisningsplanar, ymse meldingar osv. Dei nemner ei "måldelt" undervisning, som går ut på at ein dag / ei veke / ein månad er bokmål undervisningsspråket, neste dag / veke / månad er det nynorsk. Når begge målformer slik er bruksspråket i klasserommet, kan resultatet i beste fall bli både betre språkkunnskapar generelt og ein større aksept av det som eigentleg er sidemålet. Men den vekslinga mellom bokmål og nynorsk i undervisninga som desse lærarane bruker, føreset at dei meistarar begge målformer godt. Dei må vera i stand til å bruka både nynorsk og bokmål "på sparket", og elles kunna skriva godt på begge målformer. Denne kompetansen manglar hjå mange norsklærarar, etter det inntrykket Språkrådet får, især manglar nynorskkompetansen.

Læringscenteret skal administrera forsøk som gjeld vidaregåande opplæring. Men det trengst òg tilsvarande forsøk i lærarutdanninga, for å sikra elevar i vidaregåande skule kompetente norsklærarar som meistarar både nynorsk og bokmål både fagleg og didaktisk. Utvalet som evaluerte norskfaget i allmennlærerutdanninga på oppdrag frå KUF i 1998, seier i rapporten sin at ein viktig grunn til høg strykprosent i norsk blant allmennlærarstudentar er at dei ikkje kan skriva nynorsk. Usikre lærarar gjev dårleg undervisning, og dei vil i liten mon vera ny-

skapande og bryta ned nedervde undervisningstradisjonar. Lærarutdanninga er no i ein omleggingsfase, og i brev til Utdannings- og forskingsdepartementet om omorganiseringa 9.1.02 skriv Språkrådet at det må presiserast at norskfaget inneber opplæring i begge målformer, både i allmennlærarutdanninga og i den delen av førskulelærarutdanninga som dekkjer dei tre første skuleåra. Berre slik kan dei språklege rettane elevane har, sikrast. Eit anna moment er at lærarane må få høve til å gå på etterutdannings- og vidareutdanningskurs, og det bør utarbeidast spesielle opplegg for lærarar med tanke på undervisning i nynorsk som sidemål.

Eit viktig mål for forsøk i sidemålsopplæringa må vera å få bukt med negative haldningar. Truleg skal det meir enn auka kompetanse hjå motiverte lærarar til for det. Men at haldningane lærarane har, har mykje å seia, viser rapporten frå forsøket med sidemålsksamnen til jul i tredje klasse (nemnd ovanfor): ”I sine frie kommentarer trekker mange elever fram nettopp mangelen på motivasjon og inspirasjon hos norsklærerne når de kommenterer sine tidligere erfaringer med sidemålsundervisning. Dette legger flere elever vekt på når de kommenterer hvilke faktorer som har formet deres holdninger til sidemålet og sidemålsundervisninga.” Vi kan dessverre ikkje sjå bort frå at nokre norsklærarar har slik uvilje mot sidemålet at dei er uskikka til å undervisa i emnet. For elevar som har tillit til at ein fagperson veit kva han eller ho uttalar seg om, får slik negativ haldning stor gjennomslagskraft. Større kompetanse i og kunnskap om undervisningsemnet kan vonleg vera med på å minska den negative innstillinga hjå einskilde lærarar. Difor bør auka kunnskap og metodikk i sidemålsundervisning prioriterast i etterutdanninga.

Kritikken frå elevane når det gjeld lærings situasjonen i sidemål, slik Norsk språkråd har oppfatta han i media og i direkte kontakt over telefon og i e-post, rammar fleire nivå i skulen. Elevane peiker på manglande lærarkompetanse, dårlege undervisningsmetodar, negative lærarhaldningar og manglande legitimering av nynorskopplæringa. Spørjeundersøkinga i samband med språkløyvde lærebøker viste svært stor kunnskapsmangel om språksituasjonen i Noreg og om forholdet mellom bokmål og nynorsk, og at elevhaldningane i stor mon er tufta på overleverte fordommar. Kritikken mot sidemålsundervisninga går særleg på at gammaldags og formalistisk metodikk rår grunnen. Ei kritisk vurdering av denne undervisninga kunne vonleg gje grunnlag for å få utvikla metodar.

Forsøksordningar for å styrkja sidemålsopplæringa

Det har vore forska i mykje av det norskfaglege stoffet i skulen, medan det ikkje i det heile har vore drive morsmålsdidaktisk utviklingsarbeid i sidemålsopplæringa (jf. professor Kjell Lars Berges artikkel i Språknytt 1–2/01). Etter rundskriv F-001-02 skal forsøk med sidemålsundervisning i den vidaregåande opplæringa ”skje innanfor rammen av at sidemålsundervisning skal finne sted. Dette betyr at elever som deltar i slike forsøk skal få sidemålsopplæring”. Rundskrivet går ikkje nærare inn på kva uttrykket ”skal få sidemålsundervisning” inneber, eller kor stort omfanget er, men eit vilkår er sjølvsagt at forsøk bør utarbeidast av kompetente pedagogar som også kjenner krava læreplanen set til kunnskap i hovud- og sidemålet.

Etter Norsk språkråds syn bør sidemålsopplæringa leggja til rette for at desse måla blir nådde:

- a) Elevane skal oppnå eit rimeleg ferdigheitsnivå i skriftleg sidemål
- b) Dei skal ha god kunnskap om den norske språksituasjonen

- c) Dei skal utvikla forståing for dei sosiale og historiske føresetnadene for den norske språksituasjonen
- d) Negative haldningar til sidemålet skal minskast

Vi gjer difor framlegg om at *forsøk* med sidemålsopplæringa bør gå inn på desse momenta:

- 1 Kartleggja kva stilling sidemålsundervisninga har når det gjeld ulike rammefaktorar, pedagogiske opplegg/undervisningsformer, faglege resultat og haldningar til faget. Det bør kartleggjast i kva mon lærarane treng etterutdanning i emnet.
- 2 Prøva ut alternative pedagogiske opplegg/undervisningsformer der ein på ein systematisk måte granskar kva læringsresultat som kan oppnåast i forsøksperioden når det gjeld skriveferdigheit i sidemålet og kunnskap om og haldningar til sidemål.
- 3 Samanlikna systematisk dei alternative pedagogiske opplegga/undervisningsformene med tradisjonelle undervisningsformer.

Evaluering av forsøka, publisering

Vi reknar med at dei røynslene og resultatata Læringsssenteret kjem fram til etter at forsøka er gjennomførte, blir gjorde tilgjengelege og gjerne presenterte i rapportar. Truleg vil det vera stor interesse for utfallet av forsøksordninga, og vi ser ikkje bort frå at Læringsssenteret ville nå mange med ein konferanse om forsøksresultata, korleis dei bør tolkast, og kva for føringar dei vil gje.

Vi tek gjerne mot tilbakemelding frå Læringsssenteret på synspunkta våre.

Med helsing

Kåre Skadberg
kontorsjef

Eilov Runnestø
førstekonsulent

Vedlegg: Kjell Lars Berges artikkel i Språknytt 1–2 / 2001
Knut Åge Teigens artikkel i Språknytt 1–2 / 2001
Benthe Kolberg Janssons artikkel i Språknytt 1–2 / 2001